



Stein Ove Vatnøy
Lurevegen 208 A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11217 - 20/34383

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2020

Adresseendring Lurevegen 208

Administrativt vedtak: Saknr: 585/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2001 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tidl husnr	Nytt Tildelt husnr
172	162	H0101	Lurevegen	208A	208
172	162	U0101	Lurevegen	208B	Ingen

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld :

Endring av bygningstype frå 112 (einebustad m/ utleige til bygningstype 111 (einebustad) , og sletting av tidlegare utleige eining i U01. Dette medfører sletting av adresse til utleigehusværet og omasdressering av adresse ti lbustad.


VURDERING:

I etterkant av utsending av kommunale gebyr i vår, vende du oss til oss og bad om at tidlegare buening i underetasjen skulle slettast, då denne ikkje hadde vore i bruk på lenge, og at det var opna opp mot denne delen og arealet tatt i bruk som hovuddel. Matrikkelførar meinte då at me kunne retta dette i matrikkelen, ut i frå dette ynskjet og opplysningar frå

eigar- og endra bygningstype frå 112 (einebustad m/ utleige til bygningstype 111 (einebustad) 04.03.20.

I etterkant har det vorte klart at samansling av 2 godkjende brukseiningar er eit søknadspiktig tiltak- etter plan og bygningslova – for å vera formelt godkjent. Endringa i matrikkelen inneber ikkje noko godkjenning av slik endring- og skulle ideelt sett ikkje vore utført før slik søknad var godkjent. Du vert med dette oppmoda om å søkja om samanføring av brukseiningane i dette bustadhuset.

Det vert nødvendig med omadressering av adressa Lurevegen 208A til 208, då ein ikkje har lov å bruke tal og bokstav- der et berre er ai adresse knytt til.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nett sider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og-merker/1133-Adressenummerskilt/>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2001 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/11217»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Ove Vatnøy

Lurevegen 208 A

5912 SEIM